



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.04.2017

Vår ref.: 2017/2878

Arkivnr.: 432.1

Jf. vedlegg adresseliste høyringsbrev

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal og sentral høyring av framlegg til frivillig vern av skog - Strandaliane naturreservat, Suldal kommune i Rogaland

Grunneigarar i området Bråtveit til Kvildal, i Suldal kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender med dette framlegg til vernegrense og verneforskrift for Strandaliane naturreservat på høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneplanprosessar etter naturmangfoldlova. Frist for uttale er sett til 6. juni 2017.

Bakgrunn

Gjennom handsaming av Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. nr. 14 (2015-2016).

I meldingane er frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog. Formål med skogvern er å frede eit representativt utval av typisk og sjeldan/truga barskog for framtida.

Etter tilbod frå grunneigarane i området frå Kvildal til Bråtveit, gjer Fylkesmannen i Rogaland derfor framlegg om å oppretta Strandaliane naturreservat.

Heimelsgrunnlag for vern av naturreservat er naturmangfaldlova § 34, jfr. §37 og §62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 30. juli 2014 sende Vestskog, på vegne av private grunneigarar på gnr.bnr 41/1, 41/2, 41/3, 42/2, 43/1, 46/1, 46/2, 47/1, 47/2, 54/1, 54/3, 55/6, 56/3, i Suldal kommune tilbod om frivillig utvida vern til Fylkesmannen, som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Fylkesmannen i Rogaland v/ Audun Steinnes og John Inge Johnsen i 2014, Rådgivende biologer v/ Per Gerhard Ihlen og Torbjørg Bjelland i 2014, og Bjørn Mo i 1989 (Saunuten Hestheia).

Fylkesmannen sende ut melding om oppstart av verneprosess 07. mars 2017 etter at det var avklara med Vestskog og Miljødirektoratet at det var grunnlag for å starta med prosessen. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er oppsummert i vedlagt notat. Verneframlegget omfattar nå gnr.bnr 41/1, 41/2, 41/3, 42/1, 42/2, 42/3, 42/4, 42/5, 43/1, 43/2, 43/4, 46/1, 46/2, 47/1, 47/2, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 55/6, 56/2, 56/3.

Fylkesmannen vil samanfatte denne samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil etter det gje sitt framlegg til kongelig resolusjon i statsråd.

Naturverdiar

Framlegget til naturreservat utgjer søraustsida av Suldalsvatnet mellom Sukka og Århus. Det er prega av relativt bratte og vanskeleg tilgjengelege skogslir dominert av skrinns furuskog og bratte fjellsider dominert av lauvskog. Verneframlegget dekker 11,3 km². Det er taksert eit noko større areal, 13,3 km² med om lag 2600 da furuskog og 6249 da lauvskog. Av furuskogen er 1600 da av middels bonitet (1085 da F11 og 515 da F14) og 279 da høg bonitet (F17). Aldersklassa 120 år dominerer med 1411 da medan omlag 600 da er vurdert eldre, opp til 150 år. Nesten alt (2350 da) er i hogstklasse 5 (gammal hogstmoden skog).

Av lauvskogen er om lag 1/3 vurdert å vera av høg bonitet, litt under halvparten av middels bonitet, ingenting er vurdert å ha særskild høg bonitet. Område med rik, nordvend lauvskog med stort innslag av edellauvtre finst ved Steinsvikbekken, på Fjærnes og på Litlehamarstronda. Her finst blanda lauvskog med gråor, hassel, ask og hegg og med urter, bregner og store gras i feltsjiktet, som raggtelg, skogsvingel, skogstjerneblom og trollbær. På stammene finst mosesamfunn med kystmose og fleire artar sjeldne i fylket, og rike lungeneversamfunn, m.a. praktlav (VU) og skoddelav (VU). Andre raudlista lav er skorpefiltlav (NT) og Biatoridium monasteriense (NT). På Litlehamarstronda står dessutan noko lenger oppe fleire titals store almestuvear med feltsjikt dominert av strutseveng og med rik mose- og lavflora på stuvane med raudlistearter Gyalecta cf. flotowii/truncigena (VU) og Gyalecta ulmi (NT).

Det er fleire bekkekløfter i området, m.a. Rollesjuvet. I tillegg til blanda og dels rik lauvskog kjem det her inn fjellplanter som kvitsoleie, svarttopp, raudsildre og ullarve.

Vest for Turrajuvet er furudominert skog ned mot vatnet med bonitet 15-17. Ryggen i aust har lyngfuruskog, med blokkebær og røsslyng, middels til små dimensjonar og spreidd gadd. Vestover tek blåbærskog over med meir høgvaksten og grov furu etter kvart innslag av småbregner med større dimensjonar opp mot diameter 40 cm. Ved Saunuten finst gammal furuskog med bjørk og osp og gråor i fuktige, rikare parti. Furua er typisk 120-130år, opp til 330 år. Rein furuskog og eldst skog finst V og NV for Saunuten., mest moserik røsslyng –blokkebærskog med m.a. storstylte og heimose.

Inngrep

Det finst noko planta gran i området, i taksten er 7 område kartlagt som granbestand, til saman 128 da.

Det går ei lita, 3,3 km lang kraftline i vasskanten frå SV, frå starten nær vatnet med ryddegate, seinare i hovudsak utan ryddegate, delvis ute i vatnet. Ei stor kraftline (420 kv) går frå kraftstasjonen, diagonalt opp lia ved Kleneteigen 1,5 km gjennom området, så 4,8 km SA for området, til slutt 2,6 km gjennom SA-hjørnet av området. Det meste av denne linja går så høgt at det trengst lite ryddesone. Det er fleire bekkeinntak SA for området, dette påverkar vassføringa i dei viktigaste bekkane. Verneforskrifta har generelt unntak for drift og vedlikehald av energianlegga (§4.f, 6.b, 7.f,), og det kan søkast om dispensasjon til å reinska opp i dei regulerte bekkefara for å hindra flaumskadar.

Tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv

Det er ikkje merka stiar i området, og lite stiar i det heile. Det er derfor ikkje opna for sykling i området.

Det er planar for å driva kulturminne- og historiebasert opplevingsturisme til Rollesjuvet. Det er opna i forskrifta for dispensasjon til enkle tilretteleggingstiltak til dette og til aktiviteten om dette skulle få eit omfang som krev dispensasjon. Desse planane bør konkretiserast nærare i ein forvaltningsplan.

Praktisk om høyringa

Vedlagt er framlegg til vernegrense på kart, samt verneforskrift for naturreservatet. Framlegget vert annonsert i lokal presse, samt lagt ut på våre nettstader: www.fylkesmannen.no/rogaland under *miljø og klima*.

Uttalar skal sendast til: Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 49, 4001 Stavanger.
fmropost@fylkesmannen.no

Frist for uttale er sett til 6. juni 2017.

Med helsing

Erik Cockbain
ass. fylkesmiljøvern sjef

Stian Philip Andersen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Stian Philip Andersen
Saksbehandlar telefon: 51568750
E-post: fmrospa@fylkesmannen.no

Vedlegg: Framlegg til vernegrense – Vernekart Strandalane NR
Vedlegg: Framlegg til verneforskrift for Strandalane NR
Vedlegg: Oppsummeringsmerknader frå melding om vern
Vedlegg: Adresseliste høyringsbrev